

## Flott dansekurs

Dei angra ikkje, dei vel 30 deltakarane som hadde meldt seg på kurset med Tor Vinge Kvam i Fensal 19. og 20. mars. Instruktøren frå Trøndelag baud på fine dansar med ulik vanskegrad. Nokre enkle, som kan gli rett inn i klubben sitt repertoar av kjernedansar. Andre litt meir krevande, og ein som verkeleg krov at deltakrane fekk føtene med seg. Vinge Kvam hadde også med ein linedance som var mykje enklare og meir overkomeleg enn den Kåre har instruert tidlegare.

Dansane kom frå Romania, Bulgaria, Albania og Hellas, i tillegg til linedancen, og at det berre var sju dansar, gjorde at ein fekk god tid til innøving og repetisjon. Dansane vart også viste på ein svært pedagogisk og god måte.

Enkelte klaga på at det var problem med å forstå trønderdialektene til istruktøren, men elles var det berre vellæte å høyra.

Livar Aksnes

Bilde 1 av 3



Bilde 2 av 3



Bilde 3 av 3

